

Volda vg skule set opp musikalen om Ivar Aasen

-laga av Astri Eidseth Rygh og Svein Olav Blindheim

I kunstnarkrinsen er namnet Astri Eidseth Rygh velkjent. Aller mest kjent er nok kreasjonen ”Tellus-egget,” som ho laga til opninga av Lillehammer-OL i 1994. Den 17. februar debuterar ho som musikalforfattar. Det er musikklinja på Volda vidaregåande skule som skal framføre musikalen om Ivar Aasen. Musikken er av Svein Olav Blindheim.

Ideen om å skrive eit skodespel fekk ho først i 2000, då ho var invitert som biletkunstnar til ein kulturfestival på Sunndalsøra. Der fekk ho sjå eit spel om ei skotskadelldame, ”Lady Arbuthnott - Frua på elverhøy”, som på 1850-talet snudde det vesle samfunnet på hovudet. Vi hadde jo ein viktig person her i området også - Ivar Aasen. Då ho studerte musikk og drama i Englad, var det Ivar Aasen som hjalp henne til å halde fast

på identiteten sin, så han var alt då ein svært viktig person for henne. Ho slo likevel i frå seg ideen, då homeinte temaet var noko umoderne.

Vil vise mennesket Ivar Aasen

Seinare det året reiste ho til New York. Der fekk ho sjå ein musikal av Tim Rice og Elton John. Ho fekk då ideen om å gjere Ivar Aasentil ein musikal. Ho innsåg at

så lenge det handlar om menneske, vil det alltid vere aktuelt.

-Det er basert på alle sine liv, seier ho. - Eg vil vise mennesket Ivar Aasen, slik at folk kan sjå at han var ein verkeleg person som levde eit verkeleg liv.

Eidseth Rygh kontakta musikaren Svein Olav Blindheim og spurde om han ville laga musikk til skodespelet hennar. Han var svært positivt innstilt til prosjektet, og ville gjerne det.

Rygh har ikkje laga musikal før, men har vore ein del borti teater.

Ho meiner det er viktig at musikalen er på dialekt, sidan det var nettopp dette Aasen kjempa for.

Undervurderer ikkje ungdommen

Prosjektet vart svært vellykka, trass i mangel på ressursar.

Då musikalen var ferdig,

kontakta ho lærarane på musikklinja på Volda vidaregåande skule. Ho hadde frå før stor respekt for ting dei tidlegare har sett opp, og stolte på at dei ville gjere ein god jobb.

Først vart ho møtt av tvil, det var vanskeleg å vite korleis elevane ville motta ideen. Dei fekk ei positiv overrasking; musikalen vart motteken med iver og begeistring.

„Er det noko eg har lært, så er det at ein aldri skal undervurdere ungdom, seier Astrid med eit smil.

Ho har gitt elevane ganske frie taumar når det gjeld musikalen. Det einaste ho seier er at dei må vere mest mogleg tru mot dei biografiske fakta i forteljinga. Faktadelen er henta frå boka ”Ivar Aasen sin kropp,” skriven av Stephen Walton.

Denne musikalen er retta mot ungdom. Det var då Aasen var ung at han byrja på arbeidet som gjorde at

han vart kjend. Sjølv sagt kan musikalen sjåast av menneske i alle aldersgrupper, men med dette vil ho gi ”stafettpinnen” til ungdommane, og stole på at dei vidarefører kulturen.

Therese Dahl
1MK1, Volda vg skule



Astri Eidseth Rygh